

Møteprotokoll

Kommunestyret



Møtedato: 24.11.2016 Tid: 14:00 – 19:45
Møtestad: Kommunestyresalen
Møte leiar: Harry Herstad

Faste medlemer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Harry Herstad	Leiar	AP
Gaute Straume Epland	Medlem	AP
Lene Susann Pilskog	Medlem	AP
Bente Bjelland til PS 83/16	Medlem	AP
Edgar Inge Damås	Medlem	AP
Sigurd Sævareid	Medlem	AP
Jan Terje Alsaker	Medlem	AP
Marit Tislevoll Odland	Medlem	AP
Nils Tore Gram Økland	Medlem	AP
Asbjørn Aasheim	Medlem	AP
Sigbjørn Framnes	Medlem	FRP
Johan Inge Særsten	Medlem	FRP
Linda Grundtvig	Medlem	FRP
Inger Lill Aasheim	Medlem	FRP
Liv Kari Eskeland	Medlem	H
Helge Einar Vie	Medlem	H
Sverre Olav Svarstad	Medlem	H
Fredrik Litleskare	Medlem	H
Torbjørn Brosvik	Medlem	KRF
Randi Agnete Nysæter	Medlem	KRF
Kjetil Eldøy	Medlem	KRF
John F. Tonnesen	Medlem	MDG
Jakob Bjelland	Nestleiar	SP
Silje Vatna	Medlem	SP
Margareth Ottesen Mjønes	Medlem	STL
Hilde Hildal Hauglid	Medlem	SV
Vegar Moe	Medlem	SV
Kjellbjørg Dagny Lunde	Medlem	SV
Geir Angeltveit	Medlem	V

Varamedlemer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Tarjei Aamot Haga	Pål Ankervold	AP
Nina Østensjø Borrevik	Reidunn Aasheim	H
Per Audun Halleraker	Geir Kannelønning	H
Albert Eikeland	Esther Aasen Bjelland	SP
Tore Hatlevik	Leif Magne Hole	STL
Hege Myklebust	Nils Magne Blålid	SV

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Magnus Mjør	Rådmann
Knut J. Gram	Kommunalsjef
Mariann J. Hilt	Kommunalsjef
Annlaug Tenold	Personal- og organisasjonssjef
Hege Etterlid	Økonomisjef
Inge Espenes	Hammesjef til PS 78/16
Kjell Nesbø	Spesialrådgjevar, delar av møtet
Arne Bjelland	Einingsleiar Stord bygg og eigedom, delar av møtet

Stord, 25.11.2016

Marit Annie Åkra
møtesekretær

Sakliste

- GK 15/16 Godkjenning av innkalling og sakliste
GK 16/16 Godkjenning av møteprotokoll frå møte 20.10.16

Politiske saker

- PS 76/16 Detaljregulering for del av gnr/bnr 43/1 m.fl., Langelandsstølen - 2.
Gongshandsaming
- PS 77/16 Årsbudsjett 2017, økonomiplan 2017- 2020
- PS 78/16 Årsbudsjett 2017, økonomiplan 2017-2020 Stord Hamnevoll
- PS 79/16 Godkjenning rekneskap molo Huglo
- PS 80/16 Godkjenning av forprosjektrapport for ny sjukeheim Bandadalskvartalet og vidareføring av prosjektet
- PS 81/16 Godkjenning av forprosjektrapport dagaktivitetssenter Sæbø gard og vidareføring av prosjektet
- PS 82/16 HORDALAND FYLKESKOMMUNE- SØKNAD OM FRITAK FOR EIGEDOMSSKATTPÅ TOMT VERK OG BRUK JF. EIGEDOMSSKATTELOVA § 7 A
- PS 83/16 Intensjonsplan for etablering av ny Vestlandsregion - høyringsuttale
- PS 84/16 Plan for forvaltningsrevisjon 2016-2020
- PS 85/16 Plan for selskapskontroll 2016-2020
- PS 86/16 Konkurransetsetting av sekretariatstenester for kontrollutvalet
- PS 87/16 Stortingsvalet og sametingsval 2017 - fastsettjing av valdag
- PS 88/16 Søknad frå politiske verv - Reidun Aasheim, H

Meldingssaker

- RS 35/16 Protokoll etter møte i kontrollutvalet 06.10.16
- RS 36/16 Referat frå møte i Samarbeidsrådet 3. november

Spørsmål framlagt i møtet

- IS 11/16 Spørsmål frå Liv Kari Eskeland, H – Kvinnherad kommune
- IS 12/16 Spørsmål frå Fredrik Litleskare, H – bruk av midlar frå tilleggslyvingskontoen

GK 15/16 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak

Innkalling og sakliste med tillegg av IS 11 og 12/16 vart samrøystes godkjent.

GK 16/16 Godkjenning av møteprotokoll frå møte 20.10.16

Vedtak

Møteprotokollen frå møte 20.10.16 vart samrøystes godkjent.

PS 76/16 Detaljregulering for del av gnr/bnr 43/1 m.fl., Langelandsstølen - 2. gongs handsaming

Vedtak

1. Med heimel i § 12-12 i plan- og bygningslova vedtek kommunestyret Detaljregulering for del av gnr/bnr 43/1 m.fl., Langelandsstølen med fylgjande tillegg i føresegnene (ny §8.3):
 - 1.1 «§8.3 Gang- og sykkelveg o_SGS2 langs Langelandsvegen samt krysset Kåreviksvegen/ Langelandsvegen som regulert i reguleringsplan for Langelandsvegen R-225-000-01, må vere ferdig opparbeidd før det kan gjevast bruksløyve for bustader.»
 - 1.2 Forvaltningsstyret ber partane gå i dialog for å kome fram til ein utbyggingsavtale når det gjeld rekkefølgekravet for gang- og sykkelveg. (O_SGS2)

Handsaming

Vedteke med 23 mot 12 røyster (H, Frp og STL) Mindretalet røysta for framlegget til H.

Fredrik Litleskare H, kom med følgjande framlegg:

Forvaltningsstyret går for innstillinga slik den ligg føre utan rekkefølgekrav.

PS 77/16 Årsbudsjett 2017, økonomiplan 2017- 2020

Vedtak

1. Kommunestyret vedtek budsjett og økonomiplan for åra 2017-2020 med desse endringane:

Endring driftsbudsjett	2017	2018	2019	2020	Kommentar
Lærlingar	588 444	1 975 111	2 042 667	2 042 667	25 stykk
MOT	600 000	600 000	600 000	600 000	
SLT	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000	
Elevressurs	450 614	450 614	450 614	450 614	Indeksregulert
Verdibevarande vedlikehald	2 500 000	2 500 000	2 500 000	2 500 000	
Tilskot frivillige lag	400 000	400 000	400 000	400 000	Verbalpunkt om tildelingskriterie - integrering og førebyggjande arbeid
Kirkens Bymisjon, tillitsperson, erfaringsmedarbeidar, bustadsosialt arbeid og lågterskel helsestasjon	2 500 000	2 800 000	2 800 000	2 800 000	
Frisklivssentralen	150 000	380 000	380 000	380 000	
Kulturskulen	150 000	150 000	150 000	150 000	Verbalpunkt
Atheno, førstelinjeteneste	200 000	200 000	200 000	200 000	
Biovekst	40 000				HOG
Heimerehabilitering	150 000	350 000	350 000	350 000	
Hjartestartarar	60 000				
Prisjustering barnehageløyving	45 000	45 000	45 000	45 000	
Effekt av endra investeringsbudsjett	-200 000	-655 000	1 940 000	-390 000	
Effektiseringsprosjekt 3-partssamarbeid	-2 750 000	-5 000 000	-7 500 000	-10 000 000	Nærværingsprosjekt, stillingsvurderingar/vakansar/betalt lunch/etc
Skatteanslag/Økonomisk sosialhjelp	-2 000 000	-3 000 000	-3 000 000	-3 000 000	Utgangspunktet for 2017 er ein svikt 12,7 million i 2016. Må sjåast i samanheng med forventning om auka aktivitet på Stord i 2017 og andre tiltak i budsjettet for å aktivisera arbeidsledige
Stramare budsjettoppfølging einingane/vidareføring av meir- og mindreforbruk	-1 000 000				
Endring i høve rådmannen sitt oppr. budsjett	2 884 058	2 195 725	2 358 280	-2 471 720	Bruker 2,9 million til verdibevarande vedlikehald og frivillige lag og organisasjonar

Endring investeringsbudsjett	2017	2018	2019	2020	Kommentar
Reduksjon reserve i investeringsbudsjett	-4 100 000				Blant anna Sæbø, sjukeheim
Verneombod i investeringsprosjekt	100 000				
Nysæter ungdomsskule/fleirbrukshall		1 000 000	49 000 000	-50 000 000	
Rackethallen		-13 000 000			
Mindre overskot		2 900 000	2 900 000	2 900 000	
Regulering/prosjektering av kyrkjelydshus				500 000	
Sum endringar i høve opprinneleg budsjett	-4 000 000	-9 100 000	51 900 000	-46 600 000	
Effekt driftsbudsjett	-200 000	-655 000	1 940 000	-390 000	

Verbalforslag:

- a) Kommunestyret vidarefører nivået på ordinært vedlikehaldsbudsjett og styrkar budsjettet med 2,5 million i høve rådmannen sitt budsjettforslag.
- b) Kommunestyret ber om at nye lysarmatur vert installert i lysløypa i Landåsen i samarbeid med næringslivet og dugnadskrefter. Kommunen sin del skal finansierast frå vedlikehaldsbudsjettet/tiltaks pakken.
- c) Kommunestyret legg opp til at kommunen tek imot 25 lærlingar/lære-elevar i 2017.
- d) Kommunestyret ber om at det i tilknytning til Springbrettet vert oppretta ei arbeidsgruppe for unge som står utanfor arbeidslivet. Grappa skal utføra arbeid innan t.d. vedlikehald av kommunale bygg, eigedom og infrastruktur som alternativt ikkje ville vorte gjort. Kommunestyret bed om at det gjennom å omdisponera innan dei tekniske tenestene vert frigjort inntil 100 % stilling som koordinator/arbeidsleiar for arbeidsgruppa. Det vert føresett at kommunen sine ulike einingar er villige til å ta imot arbeidstreningsplassar. Det vert også føresett at det vert søkt om statlege midlar (t.d. midlar i tilknytning til innføring av aktivitetsplikt) for å delfinansiera prosjektet.
- e) Kommunestyret bed om å få ei prinsipp sak om at tilbydar og underentreprenørar som vert engasjert av kommunen i alle byggeprosjekt skal vera godkjende og aktive lærebedrifter, der lærlingar skal delta i prosjektet.
- f) Kommunestyret ber om ei utgreiing av økonomisk konsekvens ved ei gradvis opptrapping av bemanningsnorm for barnehagane til 3 vaksne per gruppe slik regjeringa har varsla skal innførast innan 2020.
- g) Kommunestyret ber rådmannen leggja fram sak til RHO om korleis ein mest effektivt kan nytta løyvinga på 2,5 million til Kirkens Bymisjon, tillitsperson, erfaringsmedarbeidar, bustadsosialt arbeid og lågterskel helsestasjon, og om ein bør omorganisera noko av tilbudet no når det ikkje lenger er staten som finansierer helsestasjonen.
- h) Kommunestyret ber om at ein søker å vidareføra stilling i kulturskulen som ligg inne med kr 150 000 i budsjettforslaget. For at ein skal kunne vidareføre den same stillingsprosenten som i 2016, ber ein om å vurdere innsparings- og innteningstiltak som td endra rabattordningar, auka inntak av elevar og inntekter knytt til konsertar og arrangement.
- i) Kommunestyret bed om at tilskotet til frivillige lag og organisasjonar på kr 400 000 vert vidareført i 2017. Inntil kr 150 000 skal fordelast som driftstilskot til Trott og Solid. Ein føresetnad for tilskotet er at det er gjort avtale mellom idrettslaga og kommunen om drift og vedlikehald av næranlegg som har avtalen mellom Stord IL og kommunen som utgangspunkt. Det vert føresett at rådmannen tek initiativ til og arbeider for å få slik avtale på plass med begge idrettslaga. For Trott sin del skal avtalen også omfatta Nordbygdohallen. Tilskotet til idrettslaga på i alt 350 000 skal evaluerast og fordelast på nytt for 2018 i samråd med idrettsrådet og dei tre idrettslaga.
- j) Kommunestyret ber om at retningslinene for fordeling av dei resterande midlane skal utarbeidast av kommunestyret etter behandling i NMK, RHO og OUT. NMK skal innstilla i saka. Integreringsarbeid og førebyggjande arbeid blant born og unge skal vektleggjast særskilt.
- k) Kommunestyret ber rådmannen ta initiativ til eit effektiviseringsprosjekt som skal ta utgangspunkt i 3 partssamarbeidet, der ein også søker om eksterne midlar frå td KLP til arbeidet. Målsetnad er å oppnå effekt på 10 millionar kroner over 4 år. Prosjektet skal blant anna forsterka arbeidet med nærvær for å redusera sjukeløn, løpande vurdere stillingar som kan avviklast ved naturleg avgang eller omplassering, gradvis avvikla ordninga med betalt lunch for kontortilsette, fjerna tidstjuvar knytta til rapportering og føreslå kostnadsbesparande omorganiseringar. Kommunestyret forventar effekt i 2017 på 2,75 millionar.

- l) I tråd med økonomireglementet ber kommunestyret om at vidareføring av meir- og mindreforbruk for skulane vert vurdert ved rekneskapsframlegging for 2016. Kommunestyret ber vidare om at ein gjennom 3-partssamarbeidet vurderer om andre einingar skal inkluderast i prinsippet om vidareføring av meir- og mindreforbruk, og/eller om andre tiltak kan iverksetjast for å sikra målsetnaden om samla mindreforbruk i einingane i Stord kommune.
 - m) Kommunestyret bed om ein oversikt over korleis øyremerka midlar til tidleg innsats vert nytta i skulane. Sak om tidleg innsats og lærartettleik skal leggjast fram for komite for oppvekst og utdanning, og økonomisk konsekvens av å senka klassesdelingstalet for 1. til 4. klasse skal utgreiast.
 - n) Kommunestyret ber rådmannen ta initiativ til eit spleiselag med Tysnes og Hordaland fylkeskommune om å utarbeida ein detaljreguleringsplan for Huglosambandet dersom dette vert prioritert i regional transportplan.
 - o) Rådmannen får fullmakt til å inngå avtala om kjøp av ytterlegare tre sjukeheimplassar av Fitjar kommune. Kjøpet skal finansierast innanfor vedtekne budsjetttrammer.
 - p) Kommunestyret ber rådmannen gjera ei evaluering av innføringa av sjølvkost for SFO og leggja fram for OOU. Område som skal drøftast er blant anna endringar i arbeidstilhøve for tilsette, utvikling i del elevar som nyttar SFO og kostnadsutvikling for tilbodet. Endeleg mandat for evalueringa skal utarbeidast av OOU.
 - q) Stord kommune vil i 2017 busetta 48 flyktningar. Familiesameiningar kjem i tillegg. Redusert integreringstilskot på kr 1,156 mill. i høve til rådmannen sitt budsjettforslag vert finansiert slik det går fram av notat frå rådmannen av 1. november 2016.
 - r) Stord kommune tek initiativ ovafor Sunnhordland Interkommunale Miljøverk for ei drøfting rundt bruken av selskapet sitt miljøfond. Stord kommune sin del av avkastning av miljøfondet bør kunne nyttast til investering i nye arbeidsplassar med miljøprofil etter avklarte føresetnader. Kven som skal disponera fondet må ein koma attende til i eiga sak.
 - s) Stord kommune ber rådmannen gå i dialog med Atheno AS for å selje seg ned i selskapet – eventuelt selje aksjar til andre kommunar. Salssum (fondet) skal nyttast til investering i grøn teknologi/arbeidsplassar etter kriterier som vert definert i eiga sak. Atheno skal administrere fondet.
 - t) Kommunestyret ber om at det for alle investeringar i nye tiltak med kostnad over 5 millionar skal det følgje med ein konsekvensvurdering av verknad for drift.
 - u) Rådmann får i oppgåve å sikre god prosjektplan og prosjektgjennomføring med fokus på å levera innanfor vedtatt ramme. Rådmann skal også gå gjennom korleis prosjekta vert organisert og kven som skal være representert i Prosjektgruppa.
 - v) Kommunestyret ber rådmann snarast gå gjennom kost / nytte for alle IKS selskap Stord kommune deltek i. Arbeidet skal vurdere andre samarbeidsformer med våre nabokommunar slik kommune reformen legg opp til.
 - w) Kommunestyret ber rådmannen greia ut konsekvensane ved innføring av gjeldstak.
 - x) Kommunestyret ber rådmannen ta kontakt med fylkeskommunen for å avklara mulighetene for å få til fleire sundagsruter på Stord.
2. Skatteøre vert sett lik maksimal sats i samsvar med Stortinget sitt vedtak om kommunalt skatteøre.
3. a) I medhald av eigeomsskattelova §§ 2 og 3 bokstav a) skal følgjande utskrivingsalternativ for eigeomsskatt nyttast for skatteåret 2017: *Eigeomsskatt på faste eigeomar i heile kommunen.*
- b) Skattesatsen vert sett til 2 ‰ av omsetnadsverdien for bustader og fritidseigeomar.

Skattesatsen vert sett til 4 ‰ av omsetnadsverdien for verk og bruk, annan næringseigedom og ubebygde grunneigedom.

c) I medhald av eigedomsskattelova § 7 bokstav a) opnar kommunestyret for fritak av eigedomar som er eigde av stiftingar eller institusjonar som tek sikte på å gagna ein kommune, eit fylke eller staten. Eigedomar som kvalifiserar for fritak etter bestemmelsen og som er eigde av idrettslag, ungdomslag, bedehuslag og liknande skal ha fritak for eigedomsskatt i Stord kommune. Sakkunnig nemnd legg fram oversyn over kva eigedomar dette kan gjelda. I tillegg kan eigedom tilhøyrande andre stiftingar/organisasjonar bli vurdert fritakne av kommunestyre på grunnlag av søknad.

Dei eigedomar som tidlegare år er innvilga fritak for eigedomsskatt av kommunestyret i medhald av eigedomsskattelova § 7, jf. vedlegg 7.10 til budsjettokumentet, skal ha fritak for eigedomsskatt også i 2017.

d) Eigedomsskatten skal betalast i fire terminar.

e) Ved taksering og utskriving av eigedomsskatt nyttar kommunen tidlegare vedtekne skattevedtekter.

f) Botnfrådrag vert for 2017 sett til kr 400 000

4. Kommunestyret vedtek å ta opp inntil 377 105 000 kr i lån i 2017 som serielån. Låneoptaket er fordelt slik:

Startlån til vidare utlån	kr 30 000 000
Lån til investering i vatn og avlaup	kr 165 750 000
Lån til investering Stord hamnstell	kr 950 000
Andre lån	kr 180 405 000

Lånegjelda skal nedbetalast med minimumsavdrag.

Kommunestyret vedtek at låneporteføljen til Stord kommune, og alle lån i porteføljen (sjå tabell 7.9) kan refinansierast i inneverande år og i budsjettåret. Rådmannen står fritt til å betale budsjetterte avdrag på dei lån han finn føremålstenleg, uavhengig av opphavleg vedtak.

5. Kommunestyret vedtek satsar for gebyr og avgifter med verknad frå 1. januar 2017 slik det går fram av eige hefte "Betalingssatsar for Stord kommune" for:

- Kommunale eigedomsavgifter
- Gebyr for regulerings-, byggesaks-, og oppmålingshandtering
- Betalingssatsar for feiing og tilsyn
- Avgift for vatn, avlaup og renovasjon

6. Kommunestyret fastset slike førebels tilskotssatsar for 2017 til private barnehagar i Stord kommune:

Ordinære barnehagar:	
Små born/full plass	kr 202 630
Store born/full plass	kr 91 654

Satsar for familiebarnehagar og refusjon kapitalkostnader skal vera tilsvarande retningsgjevande satsar frå departementet.

7. Kommunestyret skal ta stilling til disponering av ekstraordinært vedlikehaldstilskot for 2017 («tiltaksapakke»), 13,260 mill. kr., i ei eiga sak.

8. Det vert for 2017 fordelt driftstilskot/-støtte til kultur- og idrettsorganisasjonar m.m. slik:

Sunnhordland museum	kr 610 000
Friluftsrådet vest	kr 320 000
Stord sogelag	kr 10 000

Sunnhordland kammerorkester	kr 25 000
Falturiltu barnebokfestival	kr 100 000
Gards- og ættesoge	kr 75 000
Arrangementet 100 dagar (underskotsgaranti)	kr 25 000

Komit  for n ring, milj  og kultur f r fullmakt til   disponera l yving p  kr 250 000 til kulturf rem l.

Stord kommune l yver f lgjande tilskot over 2017-budsjettet i til samarbeidstiltak og n ringsf rem l:

Hordaland olje og gass, driftstilskot	kr 50 000
Haukelivegen AS, driftstilskot	kr 30 000
Samarbeidsr�det for Sunnhordland	kr 613 400
Samarbeidsr�det, reiselivssatsinga	kr 228 100
Medlemskontingent Stord n�ringsr�d	kr 30 000
Atheno AS, Maritim industriinkubator	kr 150 000
Atheno AS, Ungt entrepren�rskap	kr 65 000
Kj�p av f�rstelinetenester for n�ringsetablering	kr 200 000

Komit  for n ring, milj  og kultur f r i tillegg fullmakt til   disponera l yving p  kr 100 000 til n ringsf rem l.

Handsaming

Samla budsjett vart vedteke med 23 mot 12 r yster (H, Frp, V og Margareth O. Mj nes, STL)

Habilitet:

Sigbj rn Framnes, Frp stilte sp rsm l om eigen habilitet under debatten d  han er styremedlem i Stord museum og tredde fr  under handsaminga av sp rsm let. Vara var ikkje kalla inn.

Kommunestyret handsama sp rsm let og fatta f lgjande vedtak:

Framnes vart samr ystes kjent gild.
Framnes tok deretter plass att i m te.

Det var f rst r ysta over dei ulike budsjettframlegga:

Budsjettframlegg frå Venstre:

Stord Venstres framlegg til budsjett 2017		2017	2017	
Post	Tekst	Meirutgift/m indre inntekt	Meir inntekt/mindre utgift	kommentar
	Endringar frå formannskapet			
RHO området				
1.1	Frisklivssentralen	225 000		Auke frå 40% til 60% stilling
1.2	Erfaringsmedarbeidar Hamna	125 000		
1.3	Lågterskel Helsestasjon MARIS 1,8 stilling	800 000		
1.4	iJobb	525 000		
1.5	Velferdsteknologi		500 000	Effektivisering som konsekvens av investeringar
1.6	Utskrivingsklare pasientar Stord Sjukehus		1 300 000	
NMK området				
2.1	Klima og Miljøplan	200 000		Framskynding av arbeidet med klima og miljøplan før kommuneplan
2.2	Særskild ordning til Stord Idrett		200 000	Summen går inn i pot til fordeling av NMK.
2.3	Tilskot til lag og organisasjonar	500 000		Til fordeling i NMK.
2.4	Hordaland Olje og Gass		50 000	Stord Kommune melder seg ut.
2.5	Atheno / Ungt Entreprenørskap	250 000		100 000,- er midler øyremerka frå 4.1
OOU området				
3.1	Elevressurs	450 000		Indeksregulering
3.2	Ramma til barnehagane	45 000		Indeksregulering
3.3	Auka talet lærlingar til 18	331 000		1 lærling per 1000 innbyggjarar
3.4	Auke i lærartettleiken i barneskulen	1 000 000		Midler øyremerka frå 4.1
3.5	MOT	600 000		
3.6	Kulturskolen 1 stilling.	650 000		
3.7	SLT-koordinator	1 000 000		
Generelt				
4.1	Kompensasjon for basistilskot		1 100 000	Avhengig av gjennomslag i avtale om statsbudsjettet.
4.2	LEAN		500 000	LEAN bør vere del av ordinær drift.
4.3	IKT		550 000	Innsparingar som konsekvens av investeringar
4.4	Samlokalisering og arealeffektivisering		400 000	
4.5	Kyrkjeleg Fellesråd		500 000	
4.6	Effektivisering av drift. 0,5% Halvtårseffekt		2 500 000	Regjeringas målsetnad om 0,5% effektivisering
4.7	Endringar i investeringsrekkefølgen	-112 000		Sjå eige ark
Sum		kr 6 589 000	kr 7 600 000	
Sum	Auke/reduksjon i driftsinntekter		kr 1 011 000	setjast av til formannskapet sitt rådvelde

Verbalforslag

- Kommunestyret ber om at det vert utarbeida ei sak til formannskapet på digitalisering av kommunen, saken skal ha som føremål å redusera meirarbeid i einingane mtp kommunikasjon, timelister osv
- Kommunestyret ber om at rådmannen kjem attende til kommunestyret med ei sak om kor han meiner ein skal nå målet om effektivisering i tråd med framlegget i statsbudsjettet.
- Kommunestyret ber om at klima og miljøplanen vert lagt fram for kommunestyret som ei eiga sak i forkant av rulleringa av kommunedelplanen.
- Kommunestyret ber om ei sak der ein gjennomgår kommunens tilknyttingar i IKS og fordelinga av kostnader for innbyggjarane.
- Låneopptaket i kommunen stiger langt, og det står mange store investeringar framfor oss. Kommunestyret ønskjer å sette eit gjeldstak. Kommunestyret ber rådmannen kome attende til kommunestyret før sumaren med ei utgreiing om gjeldstak, samt framlegg til korleis ein kan oppnå dette i investeringsbudsjettet. Saka skal ta føre seg kommunale bustadar, investeringar på kort og lang sikt, nedbetaling osv
- Stord kommune tek initiativ ovafor SIM for ei drøfting kring bruken av selskapet sitt miljøfond. Stord Kommune sin del av avkastning av miljøfondet bør kunna nyttast til investering i nye arbeidsplassar med miljøprofil etter avklarte føresetnader. Kven som skal disponera fondet må ein koma attende til.
- Stord Kommune ber rådmannen gå i dialog med Atheno AS for å selje seg ned i selskapet - eventuelt selje aksjar til andre kommunar. Salssum (fondet) skal nyttast til investering i grøn teknologi/arbeidsplassar etter kriteria som vert definert i eiga sak. Atheno skal administrera fondet.
- Kommunestyret ber om at alle investeringar i nye tiltak skal følgje med ein konsekvensvurdering av verknad for drift.
- Kommunestyret ber om at det vert laga ei sak på bemanninga i barnehagane og grunnskulen, med sikte på å sikra fleire pedagogar/lærarar per barn.
- Kommunestyret ber om at administrasjonen går i dialog med seilforeningen med sikte på å sjå korleis ein kan bidra for å trygga gode lokaler til sjøsportsaktivitet også i framtida.
- Kommunestyret opnar for at Frisklivssentralen kan ta betalt for nokre tenester, i tråd med det som er normal praksis hjå tilsvarende tilbod i andre kommunar.

Endringer til budsjett - investering								
Tekst	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Rådmannen sitt framlegg								
SKE KF sitt framlegg								
Sum Rådmann/SKE KF	0	0	0	0	0	0	0	0
Veglys (LED)	1 000 000			1 000 000				
Investeringsreserve	-4 000 000							
Nysæter Ungdomsskule med fleirbrukshall		1 000 000	49 000 000	-50 000 000				
Formannskap på nett	200 000							
Sum	-2 800 000	1 000 000	49 000 000	-49 000 000	-	-	-	-
Auke/reduksjon i driftsbudsjett	-112 000	40 000	1 960 000	-1 960 000	-	-	-	-

Framlegget fekk 2 røyster (V og MDG)

Budsjettframlegg frå Framstegspartiet:

Endringar for drift (1000)

Beskrivelse	2017	2018	2019	Merknad
Effektivisering 0,5%	-2,5	-5	-5	Statlige forventningar
IKT	-0,5	-0,9	-0,9	Effektivisering/ tiltak
Skattinnngang	-2	0	0	Høgare skatteinnngang
Areal effektiviserings prosjektet	-0,5	-1	-1	Effekt / tiltak
Reduksjon av antall einingsleiarar	-1	-2	-2	
Velferdsteknologi	-0,5	-1	-1	
Effekt LEAN	-0,5	-1	-1	
Kirkens bymisjon	0,53	0,79	0,79	
MOT	0,68	0,68	0,68	
Frisklivsentralen	0,15	0,38	0,38	
SLT Koordinator	1	1	1	
Næringsarbeid	0,1	0,2	0,2	
Styrking vedlikehald bygg	2,5	2,5	2,5	
Tilskot Trott, Solid (leiing)	0,4	0,4	0,4	200.000 til kvart av idrettslaga
Fordeling lag og organisasjonar	0,4	0,4	0,4	Fordeles medlemmer barn/ungdom
Havna kontaktsenter	0,24	0,24	0,24	Erfaringsmedarbeidar 35% stilling
Auka tall lærlingar til 18	0,4	0,4	0,4	
Auka elevressurs	0,42	0,42	0,42	
Lågterskel Maris	0,54	0,54	0,54	
	-0,14	-2,95	-2,95	Minus gjev overskott i budsjett

Endringar Investering

Beskrivelse	2017	2018	2019	Merknad
Sal av kommunale bustadar til SKE AS	-75	-	-	
sal av Hamnekontoret (Hurtigbåt terminal)	-4			
Sal av kommunale bygg		-10	-10	
Nysæter Fleirbrukshall	10	30		
Nysæter Ungdomskule		49	119	
	-69	69	109	"Minusbeløp" overført til året etter

Verbal forslag:

Prosjekt oppfølging

Rådmann får i oppgåve å sikre god prosjektplan og prosjektgjennomføring med fokus på å levera innanfor vedtatt ramme. Rådmann skal også gå gjennom korleis prosjekta vert organisert og kven som skal være representert i Prosjektgruppa.

Evaluering IKS som samarbeidsform

Kommunestyret ber rådmann snarast gå gjennom kost / nytte for alle IKS selskap Stord kommune deltek i. Arbeidet skal vurdere andre samarbeidsformer med våre nabo kommunar slik kommune reformen legg opp til.

Framlegget fekk 5 røyster (Frp og Margareth Mjønes, STL)

Budsjettframlegg frå Høgre:

POST	TEKST	MEIRUTGIFT MINDRE INNTEKT	MEIRINNTEKT MINDRE UTGIFT	KOMMENTARAR
Generell innsparing:			12 880 000	Utgjer 1% av budsjett
Rho omr	SLT ordning	1 000 000		
	Frisklivssentral	150 000		
	Ikkje auke i midlar for utskr. klare pas.		1 300 000	Skal starte opp KAD på våren
	Psykolog	300 000		
	Driftstilskot fysioterapuet	210 000		Andre halvår 2017
	Rusførebyggjande tiltak Maris	400 000		Andre halvår 2017
NMK omr	Auka tilskot til Atheno	300 000		
	Utmelding av HOG		50 000	
	Tilskot lag og org	400 000		
OOU omr	Prisregulering elevressurs	420 000		
	MOT arbeid	680 000		
Felles	Tilbakeføring lærlinger	331 000		
Kapital	Redusere låneopptak		540 000	Reduksjon i kapitalkostnader
Teknisk	Vedlikehald kommunale bygg	2 500 000		
Generelt	Kirkens bymisjon	525 000		
	Innsparingstiltak			
	Lean			
	Stillingsgruppa			
	IKT			
SUM		7 216 000	14 770 000	

INVESTERINGSBUDSJETT

OMRÅDE	TEKST	OPPHAVELEG	NY SUM
Sæbø gård	Reduksjon av reservepost	5 800 000	3 450 000
Ny sjukeheim	Reduksjon av reservepost	28 800 000	17 500 000
		34 600 000	20 950 000
			13 650 000

Kommunen sin økonomiske soliditet og evne til å takle uforutsette hendingar vil i stor grad vera avhengig av dei frie økonomiske reservane kommunen har til rådvelde. Slike reserver er i all hovudsak definert som disposisjonsfond.

Kommunen sitt disposisjonsfond utgjorde ved utgangen av 2015 4.1 million kroner. Dette utgjorde 0.34 % av brutto driftsinntekter. Eit måltall for kor stort eit disposisjonsfond ligg mellom 5 – 10 % av driftsinntektene. Med andre ord betydeleg større enn det Stord kommune oppnår.

Høg lånegjeld vil gjera kommunen sårbar for renteauke. Sjølv om kommunen nyttar seg av verkemedel som rentebinding for å redusere renterisiko vil handsaming av lånegjeld legge binding på tydelege midlar i driftsbudsjettet og slik sett redusere kommunen sitt handlingsrom.

Lånegjeld minus lån til sjølvkostområde og lån for vidare utlån, bør ikkje overstige 70 % av brutto driftsinntekter. Stord kommune sin lånegjeld er høgare enn dette.

Økonomisk handlingsrom vert skapt gjennom årlege driftsoverskot. Desse kan setjast av som reserve og nyttast til eigenfinansiering av investeringar, nedbetaling av lån eller brukast til nye tiltak. Inntektene av

eigedomsskatt i Stord kommune skal etter intensjonen brukast til dette med unntak av nye driftstiltak. Utan eigedomsskatt vil heller ikkje Stord kommune gå med overskot. Eit mykje brukt måltall for netto driftsresultat er at det skal vera på 3 % av brutto driftsinntekter. (nedjustert etter at meirverdirefusjonen nå skal gå til investeringar) På grunn av eigedomsskatten innfrir Stord kommune stort sett dette kravet.

Stord Høgre meiner Stord kommune bør innføre slike måltall som ei rettesnor i alt budsjettarbeid. Dersom Stord kommune skal oppnå eit disposisjonsfond opp mot 5 % så må kommunen sitt netto driftsresultat ligge på 4.5 – 5 % av omsetninga.

Kommunestyret vedtek budsjett og økonomiplan for 2017 – 2020 med desse endringane:

- Kommunestyre ber administrasjonen utarbeide ein spareplan for Stord kommune som syner årlege innsparingar for å nå ei målsetting på eit disposisjonsfond rundt 5 % av driftsinntektene. (ca 60 million basert på 2015 tall). Dette inkluderer knappe 40 million i eigedomsskatt som då skal gå til investeringar og 20 million til å bygge opp reserver for.

Endringar i driftsbudsjettet:

- Innsparing på 1 % av brutto budsjett. Rådmannen må legge fram revidert budsjett i februar 2017.
- Stord kommune ved administrasjonen må legge opp til sterkare økonomistyring gjennom budsjettåret. Kommunestyret skal kvar månad ha seg framlagt ein økonomirapport som syner korleis kommunen ligg i forhold til vedtekne budsjetttrammer. Avvik skal kommenterast og fylgjast opp med framlegg til tiltak som politikarane skal ta stilling til.
- Vidareføring av MOT og SLT koordinator.
- Kommunestyret ber rådmannen lage ei sak der ein ser på ei tettare samordning av dei rusførebyggjande tenestene. Samordninga må omfatte alle som arbeider innafor dette feltet som til dømes NAV, Kirkens Bymisjon, Helse Fonna . Frivilligsentralen, Frisklivssentralen, frivillige lag og organisasjonar og dei kommunale tenestene. Føremålet er å nytte tenestene betre med fokus på førebyggjande arbeid. Samla innsparing bør vera i storleiken 400 000 som kan oppnås i siste halvdel 2017. Saka må handsamast før sommarferien 2017. Budsjettet vert derfor styrkt med 400 000 kroner for andre halvdel 2017.
- Kommunestyret ber rådmannen lage ei sak for nye eininga der Hamna kontaktsenter inngår, for å oppretthalda stillingane som tillitsperson og erfaringsmedarbeider ved senteret i tilpassa stillingsstorleik, balansert i forhold til einingas øvrige tenesteområder innafor fastsett budsjetttramme.
- Kommunestyret vil oppretthalda frisklivssentralen.
- Kommunestyret ber om å få ei sak som gjeld organisering av kulturskolen og tilbodet til elevane før nedtrekk eventuelt finn stad.
- Kommunestyre vil styrke elevressursen med 420 000 kroner.
- Kommunestyre vil sette av 300 000 kroner som eit tilskot til stilling som psykolog med verknad for andre halvår 2017.
- Kommunestyre vil sette av 210 000 i driftstilskot til ekstra fysioterapeut stilling for andre halvår 2017.
- Kommunestyre vil auke tilskotet til Atheno og førstelinjetenesta med 300 000 kroner. Totalt tilskot vert då 500 000 kroner.
- Kommunestyre vil oppretthalde tallet på lærlingar med 18, og legg inn 331 000 for 2017.
- Kommunestyret vil oppretthalde tilskotet til lag og organisasjonar med 400 000 kroner.
- Kommunalt vedlikehald vert tilbakeført med 2 500 000 kroner.
- Kommunestyret ser ikkje trong for å styrkje budsjettet med 1.3 million kroner for utskrivingsklare pasientar Stord Sjukehus
- Kommunestyret ser ikkje lenger noko grunn til at kommunen skal vera medlem av HOG og melder kommunen ut. Innsparing 50 000 kroner
- Kommunen reduserer posten reserveløyving til investeringsprosjekta Sæbø Gard og sjukeheimsutbygginga. Innsparte kapitalkostnader 540 000 kroner.
- Stord kommune tek initiativ ovafor Sunnhordland Interkommunale Miljøverk for ei drøfting rundt bruken av selskapet sitt miljøfond. Stord kommune sin del av avkastning av miljøfondet bør

- kunne nyttast til investering i nye arbeidsplassar med miljøprofil etter avklarte føresetnader. Kven som skal disponera fondet må ein koma attende til i eiga sak.
- Stord kommune ber rådmannen gå i dialog med Atheno AS for å selje seg ned i selskapet – eventuelt selje aksjar til andre kommunar. Salssum (fondet) skal nyttast til investering i grøn teknologi/arbeidsplassar etter kriterier som vert definert i eiga sak. Atheno skal administrere fondet.
 - Kommunestyret ber om at det for alle investeringar i nye tiltak skal følgje med ein konsekvensvurdering av verknad for drift.
 - Kommunestyret ber administrasjonen utarbeida ein stratigi for digitalisering av tenestene i Stord kommune samt gjera dei meir brukarvenlege.
 - Kommunestyret ber administrasjonen utarbeida ei sak for etablering av privat barnehage i Sagvåg/Litlabørområde som erstatning for Sagvåg/Litlabø barnhagar. Dette må sjåast i samanheng med Nysæter Ungdomsskule og fleirbrukshall .Dette må sjåast som ei verksemdoverdraging.
 - Kommunestyret ber administrasjonen om ei sak for å revitalisere Stord kommunale Eigedomsselskap AS basert på sal av alle kommunale utleigebustader til selskapet. Dette vil frigjera kapital som kommunen kan bruke til nedbetaling av gjeld.
 - Kommunestyret ber administrasjonen om ei evaluering av tilbakeføringa av dei to kommunale føretaka til Stord kommune sin basisorganisasjon. Evalueringa må leggje vekt på økonomi, evne til å gjennomføre vedtekne investeringar og dei tilsette sin trivsel.
 - Kommunestyret ber om ei evaluering av prøveordninga med tilskot til dagleg leiar for Stord Idrettslag. Saka må handsamast i første halvdel av 2017 og parallelt med budsjettrevisjon sommaren 2017.

Framlegget fekk 6 røyster (H)

Ap, Krf, Sp og SV kom med budsjettframlegget slik det ligg i vedtaket, pkt 1.

Framlegget fekk 22 røyster (Ap, SV, Sp, Krf og Tore Hatlevik, STL).

PS 78/16 Årsbudsjett 2017, økonomiplan 2017-2020 Stord Hamnevoll

Vedtak

[Kommunestyret vedtek årsbudsjett og økonomiplan for Stord Hamnevoll slik det ligg føre/med desse endringane:](#)

[Kommunestyret vedtek betalingsattsar i samsvar med vedlegg](#)

Handsaming

Samrøystes vedteke

Habilitet:

Liv Kari Eskeland, H stilte spørsmål om eigen habilitet i samband med Evjestrands og tredje frå. Vara var ikkje kalla inn.

Kommunestyret handsama spørsmålet og fatta følgjande vedtak:

Eskeland vart samrøystes kjent ugild, jf fvl § 6 andre ledd.

PS 79/16 Godkjenning rekneskap molo Huglo

Vedtak

1. Kommunestyret godkjenner prosjektrekneskap for molo på Huglo slik det ligg føre med eit forbruk på kr 5 175 771. Meirkostnaden på kr 175 771 vert dekkja over hamnestellet sitt budsjett for 2017.
2. Flytting av fiberkabel kr 150815,- vert dekkja over hamnestellet sitt budsjett.
3. Kommunestyret vedtek at Huglo båtlag sitt lånebeløp vert sett til kr 4 651 178

Handsaming

Vedteke med 27 mot 7 røyster (Frp, Sverre Olav Svarstad og Helge Vie begge H og Margareth Mjønes, STL)

Habilitet:

Nils Tore Gram Økland, Ap stilte spørsmål om eigen habilitet då han er medlem i båtlaget og tredde frå under handsaminga.

Kommunestyret handsama spørsmålet og fatta følgjande vedtak.

Økland vart samrøystes kjent ugild, jf fvl § 6 2. ledd.

PS 80/16 Godkjenning av forprosjektrapport for ny sjukeheim Bandadalskvartalet og vidareføring av prosjektet

Vedtak

1. Kommunestyret godkjenner forprosjektrapporten og vedtek å bygga ny sjukeheim i Bandadalskvartalet med 48 bebuarrom, slik det går fram av saksutgreiinga.
2. Kommunestyret godkjenner eit kostnadsoverslag for prosjektet på 163 400 000 kr, inklusive mva og nedsprenging av fjell i Bandadalskvartalet (10 % margin). Prosjektet skal finansierast med statstilskot og låneopptak. I tillegg vil prosjektet få refusjon av meirverdiavgift.
3. Rådmannen får i oppdrag å detaljprosjektera og gjennomføra prosjektet. For gjennomføringa gjeld avsnitt 6.1 i kommunen sitt økonomireglement, Prosedyre for gjennomføring av investeringsprosjekt.
4. Kommunestyret bed om at tilbydar og underentreprenørar som skal engasjerast i prosjektet, skal vera godkjende og aktive lærlingbedrifter. Lærling(ar) skal delta i arbeidet med utføringa av prosjektet. Evt. unntak skal grunnjævast.

Handsaming

Pkt 1-3 samrøystes vedteke

Pkt 4 Vedteke med 25 mot 10 røyster (H og Frp)

Gaute Epland, Ap kom med framlegg om eit nytt pkt. 2 slik det ligg føre i vedtaket.

PS 81/16 Godkjenning av forprosjektrapport dagaktivitetssenter Sæbø gard og vidareføring av prosjektet

Vedtak

1. Kommunestyret godkjenner forprosjektrapporten og vedtek å bygga nytt dagaktivitetssenter på Sæbø gard, slik det går fram av saksutgreiinga.
2. Kommunestyret godkjenner eit kostnadsoverslag for prosjektet på 31 400 000 inkl. mva. Prosjektet skal finansierast med statstilskot og låneopptak. I tillegg vil prosjektet få refusjon av meirverdiavgift.
3. Rådmannen får i oppdrag å detaljprosjektera og gjennomføra prosjektet. For gjennomføringa gjeld avsnitt 6.1 i kommunen sitt økonomireglement, Prosedyre for gjennomføring av investeringsprosjekt.
4. Kommunestyret ber om å få ei sak som ser på tilhøva for tilkomst og parkering. Parkeringstilhøva skal også ta høgde for parkering til friluftsområde.
5. Kommunestyret bed om at tilbydar og underentreprenørar som skal engasjerast i prosjektet, skal vera godkjende og aktive lærlingbedrifter. Lærling(ar) skal delta i arbeidet med utføringa av prosjektet. Evt. unntak skal grunngjevast.

Handsaming

Pkt 1-4 Samrøystes vedteke

Pkt 5 Vedteke med 25 mot 10 (H og Frp)

Gaute Epland, Ap kom med framlegg til eit nytt pkt. 2 slik det ligg føre i vedtaket.

Liv Kari Eskeland, H kom med framlegg om eit nytt pkt 4 slik det ligg føre i vedtaket.

PS 82/16 HORDALAND FYLKESKOMMUNE- SØKNAD OM FRITAK FOR EIGEDOMSSKATTPÅ TOMT VERK OG BRUK JF. EIGEDOMSSKATTELOVA § 7 A

Vedtak

Kommunestyret vedtek å ikkje gje fritak for eigedomsskatt for gnr. 27 bnr. 811, Hordaland fylkeskommune jf. eigedomsskattelova § 7a.

Handsaming

Samrøystes vedteke

PS 83/16 Intensjonsplan for etablering av ny Vestlandsregion - høyringsuttale

Vedtak

1. Stord kommune meiner at samanslåing av Hordaland, Rogaland og Sogn og Fjordane til ein ny Vestlandsregion vil vera ei framtidretta løysing for Vestlandet.

Stord kommune meiner at konsekvensane av samanslåing av Hordaland, Rogaland og Sogn og Fjordane til ein ny Vestlandsregion ikkje er grundig nok vurdert på noverande tidspunkt. For at Vestlandsregionen skal vere ei framtidretta løysing for dei aktuelle fylka, må vesentlege oppgåver overførast til regionsnivå.

2. Stord kommune er, saman med nabokommunane Fitjar og Bømlo, ein naturleg og viktig del av dagens Hordaland fylke. Dersom samanslåinga av dei tre vestlandsfylka ikkje lukkast skal Stord kommune vera ein del av Hordaland fylke eller den regionen Hordaland vert ein del av. Stord kommune kan ikkje godta ei løysing der Rogaland vert utvida med dei kommunane i Sunnhordland som høyrer til Sør Vest politidistrikt.
3. Kommunestyret ber om at regionsråda vert nytta aktivt som medspelar i den vidare reformprosessen.
4. Ein ny region på Vestlandet må ha nynorsk om målform, uavhengig av inndelingsalternativ.
5. Stord kommune meiner fylkesmannsinndelinga må følgje den regionale folkevalde inndelinga.

Handsaming

Pkt 1 første avsnitt:	Samrøystes vedteke
Pkt. 1 andre avsnitt	Vedteke 21 mot 13 røyster (H, Frp, V og STL)
Pkt 2,3, 5	Samrøystes vedteke
Pkt 4	Vedteke med 33 mot 1 røyst (Linda Grundtvig, Frp)

Kjellbjørg Lunde, SV kom med framlegg om andre avsnitt i pkt. 1 slik det ligg føre i vedtaket «

Geir Angeltveit, V kom med framlegg om eit nytt pkt. 3 slik det ligg før i vedtaket.

PS 84/16 Plan for forvaltningsrevisjon 2016-2020

Vedtak

1. Framlegg til plan for forvaltningsrevisjon vert vedteken slik den ligg føre.
2. Planen erstattar tilsvarande plan for perioden 2012 – 2016.
3. Planen gjeld for resten av valperioden, 2015 – 2019, og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2020.
4. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet med å føreta endringar og omprioriteringar i planen, samt til å kunna definera og avgrensa konkrete prosjekt innafør dei utvalde områda i planen.
5. Planen skal reviderast og evaluerast minst ein gong i valperioden. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne revisjonen og evalueringa.
6. Kontrollutvalet skal rapportera resultatet av forvaltningsrevisjonar til kommunestyret minst ein gong kvart år. Viktige revisjonsrapportar skal leggjast fram for kommunestyret etter kvart.

Handsaming

Samrøystes vedteke

PS 85/16 Plan for selskapskontroll 2016-2020

Vedtak

1. Framlegg til plan for selskapskontroll vert vedteken slik den ligg føre.

2. Planen erstattar tilsvarande plan for perioden 2012 – 2016
3. Planen gjeld for resten av valperioden, 2015 – 2019, og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2020.
4. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera endringar og omprioriteringar i planen. Kontrollutvalet vil rapportere til kommunestyret om kva kontrollar som er gjennomførte og resultatata av desse.
5. Planen skal reviderast og evaluerast minst ein gong i valperioden. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne "revisjonen" og evalueringa.
6. Kontrollutvalet skal rapportere resultatet av selskapskontrollar til kommunestyret minst ein gong kvart år. Viktige revisjonsrapportar skal leggjast fram for kommunestyret etter kvart.

Handsaming

Samrøystes vedteke

PS 86/16 Konkurransetsetting av sekretariatstenester for kontrollutvalet

Vedtak

Hordaland Fylkeskommune vert vald til leverandør av sekretariatsteneste for kontrollutvalet i perioden 01.01.2017 til 30.07.2020, med opsjon på ytterlegare 2 år.

Handsaming

Samrøystes vedteke

PS 87/16 Stortingsvalet og sametingsval 2017 - fastsetjing av valdag

Vedtak

Kommunestyret vedtek at det for stortings- og sametingsvalet 2017 i Stord kommune ikkje skal haldast val søndagen før den offisielle valdagen.

Handsaming

Samrøystes vedteke

PS 88/16 Søknad frå politiske verv - Reidun Aasheim, H

Vedtak

1. Kommunestyret gjev Reidun Aasheim, H fritak frå vervet som leiar i kontrollutvalet frå dags dato og ut valperioden.
2. Kommunestyret vel følgjande nytt kontrollutval for inneverande valperiode:

Medlemer:

Frp
Stig Tommy Bertil Ling

H
Fredrik Litleskare

Varamedlemer:

Nils Gunnar Waage
Ani Hystad
Ole Kristian Angeltveit

Hege Skram

Svein Grutle
Kristoffer Valland

Sp, KrF, SV, Ap, STL og V
Thor Gunnar Bjelland, (STL) (permisjon som fast medlem til 30.06.17)
Peggy Bærøy (V) (fast i permisjonstida)
Anna Herborg Førland (Ap)
Tarjei Haga (Ap)

Inge Øpstad (Ap)
Liv Mortensen (SV)
Signe Ekeland (SV)

3. Endringar som følgje av nytt kontrollutval.
Forvaltningsstyret
Magne Bjelland går inn som fast medlem for Fredrik Litleskare (H) og Per Audun Halleraker overtek varaplassen til Magne Bjelland.
Christoffer Rafdal går inn som vara for Tarjei Haga.

Leiar: Fredrik Litleskare
Nestleiar: Peggy Bærøy

Handsaming

Samrøystes vedteke

Leiar i valnemnda kom med framlegg om at Magne Bjelland går inn som fast medlem i forvaltningsstyret og Per Audun Halleraker overtek varaplassen til Magne Bjelland.

RS 35/16 Protokoll etter møte i kontrollutvalet 06.10.16

Teke til orientering

RS 36/16 Referat frå møte i Samarbeidsrådet 3. november

Teke til orientering

IS 11/16 Spørsmål frå Liv Kari Eskeland, H - Kvinnherad kommune

Spørsmål:

Gode ordførar

I lokalpressa kan vi lese at ordførar i Kvinnherad gjerne vil vitje kommunestyret i Stord for å snakke om godt naboskap og trong for god samhandling og god infrastruktur oss imellom. Særs viktig sidan Kvinnherad er ein folketung kommune, og Stord er peika ut til å ha ein del regionalt viktige funksjoner som sjukehus og høgskule samt store arbeidsplassar som nyt godt av arbeidskraft frå nabokommunane.

Vi registrerer at ordføraren meiner det i dagens møte vart for krevjande å få plass til eit slikt innlegg.

Vi vonar difor at ordføraren på vegne av formannskap eller kommunestyret vil sende ein invitasjon til ordførar i Kvinnherad. Det er viktig å halde ein konstruktiv dialog oss imellom. Slik vi ser det, kunne eit utvida formannskap der Kvinnherad sitt formannskap var representert, nettopp vera ein god arena for å samsnakke om våre felles utfordringar. Vonar ordføraren ser positivt på denne oppmoding

Ordføraren svara munnleg.

IS 12/16 Spørsmål frå Fredrik Litleskare, H – bruk av midlar frå tillegssløyvingskontoen

Gode Ordfører.

Viser til vedlagte kopi av utskrift frå referat frå møte i Næring, Miljø og Kultur-komiteen 02.11.2016, og ønsker med bakgrunn i dette å reise spørsmål i dagens kommunestyremøte

PS 39/16 Litlabø og Sagvåg samfunnshus, søknad om løyving til vøling av golv

Vedtak:

Komiteé for næring, miljø og kultur løyver kr 10 000 til Litlabø og Sagvåg samfunnshus til utbetring av golvet i lokala til ungdomsklubben. Tilskotet vert finansiert over komiteen sin løyvingsskonto.

Handsaming

Samrøystes vedteke.

Protokolltilførsel:

Komiteen ber leiar ta opp med ordførar korleis komiten skal disponera egne midlar for framtida Jf. ordføraren sin bevilling til tv-aksjonen som ikkje har blitt lagt fram for komiteen.

Slik jeg har forstått det «hentet» ordføreren den løyvde sum til Årets TV-aksjon fra denne komiteens løyvingsskonto, uten politisk fattet vedtak om at midlene skulle hentes fra denne kontoen. Ut fra hva jeg kan erindre fra tidligere TV-aksjoner har man hatt oppe vedtak om slik støtte i Kommunestyret eller Formanskapet og ikke minst har summen man da har kommet frem til som skal tildeles, vært tatt fra Formannskapets Tilleggskonto. At ordfører velger å hente midlene fra en komites konto, fortoner seg for undertegnede noe merkelig, og ikke minst når det ikke foreligger ett politisk vedtak, som muliggjør dette. I tillegg ble dette gjort uten å ha varslet komiteleder om denne handlingen. Noe som igjen gjorde at når komiteen skal formidle midler etter søknader i nevnte møte, viser det seg at kontoen komiteen disponerer til slike formål på det nærmeste er tom. Etter hva jeg har fått referert var det kommunalsjef Lovise Vestbøstad som i møtet i komiteen opplyste om det som hadde skjedd.

Så mitt spørsmål:

Er det slik å oppfatte at Ordfører gjennom reglement kan gå inn i hvilken som helst sin komite sine kontoer å «hente»/ bevilge penger til ulike formål, uten politiske vedtak i den angjeldende komite?

Ordføreren svara munnleg